

**REGULERINGSFØRESEGNER VEDKOMANDE REGULERINGSPLAN FOR  
GRØNFJELLET I LINDAS KOMMUNE.**

-----

**I. INNLEIING**

- Planframlegget er datert 23.04.1987.
- Kommunen har godkjent planen ..... 1987.

Det regulerte området som er synt på planen er nytta til:

- Byggeområde for busetnad
- Offentlege trafikkområde
- Friområde
- Spesialområde
- Fellesområde

**II. AREALBRUK**

Føresegner som er knytta til paragraf 25 i bygningslova.

-----

**25.1 Byggeområde for busetnad.**

- 1.1 Arealet skal byggjast ut med reine bustadhus med tilhøyrande garasjar og parkeringsplassar.
- 1.2 Som vist på planen skal areala byggjast ut med frittliggjande bustadhus.
- 1.3 Vertikaltdelte bustader tillet ein på tomter som naturleg let seg dela i regulære parsellar.
- 1.4 Bustadene kan førast opp i 1 høgde med underetasje og loft.
- 1.5 Bygningar kan plasserast innafor dei regulerte byggelinene.
- 1.6 Kvar frittliggjande einebustad skal ha plass for minst 1 garasje og i tillegg til denne 1 biloppstillingsplass på eigen grunn.
- 1.7 For grupper av bustader som vert førde opp under eitt, skal det utarbeidast ein felles plan for opparbeiding av terreng og fellesareal.
- 1.8 Det kan setjast opp gjerde på maks 80 cm i ein avstand av minst 0,5 m frå vegkant og mot tilstøytande utmark. Gjerde må ikkje setjast opp i frisiktssonene. Murar og gjerde skal vera minst moglege skjemma. Eventuell markering av grense mot nabo skal helst gjerast med planting. Eventuelt gjerde skal ikkje vera høgare enn 80 cm.

I område mellom veg og gjerde eller frisiktline, skal planter og andre sikthindringar ikkje vera høgare enn 50 cm.

1.9 Bygningsrådet kan krevja at bygningar som høyrer saman i ei gruppe skal ha harmonerande fargesetting og takform og minst mogeleg skjemmande plassering av TV-antennar og tørkestativ.

### 25.3 Offentlege trafikkområde.

3.1 I område avsett til køyrevæg skal desse byggjast med planerte bredder og stigningar som vist i planen.

### 25.4 Friområde.

4.1 Leikeplassar og friområde skal opparbeidast etter ein samla plan, godkjent av bygningsrådet.

### 25.6 Spesialområde.

6.1 I samsvar med planen skal spesialområdet nyttast til frisiktsone for veg.

## III FELLESFØRESEGNER.

Eksisterande steingardar og tre innafor området skal bevarast best mogeleg.

Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggjeforskrifter.

Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til ved privat servitutt å oppretta tilhøve som strir mot føresegnene.

Innafor råma av plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggjeforskrifter, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegnene i høve der særlege grunnar taler for det.